



Barne-, likestillings- og inkluderingsdep.
Postboks 8036 Dep.

0030 OSLO

Deres ref.

Vår ref / Saksbehandler

14/8054-3 F13 &13

Ingrid Buset / tlf.

Dato:

05.03.2015

HØRING - NOU 2014: 8 TOLKING I OFFENTLIG SEKTOR - ET SPØRSMÅL OM RETTSSIKKERHET OG LIKEVERD

Fagforbundet støttar forslaga frå Tolkeutvalet, og vil kommentere desse områda spesielt: **opptrappingsplan, tolkelov, eigenregi og forslaget om lønnsregulativ.**

Gjennom sitt arbeid og konklusjon anerkjenner og påpeiker Tolkeutvalet store utfordringar i tolkebransjen, og at underforbruk og manglande kvalitetskrav fører til at rettstryggleik og likeverd er truga og vert undergrave. Dette er utfordringar som også Fagforbundet har vore opptekne av og har spelt inn før. Det er positivt at desse utfordringane no blir adressert og forsøkt løyst.

Mange av tiltaka vil bidra til dette, gjennom for eksempel tydeleggjering av offentleg sektors plikt og ansvar, opplæring i bruk og rutinar for bestilling og bruk av tolketenester og for eit generelt kompetanseløft og tilrettelegging for testing og utdanning. Dette er positivt.

Fagforbundet vil likevel påpeike at utredninga er svak på vurdering av kjønn og likestilling. Spesifikke utfordringar knytt til kjønn er nemnt i utredningsarbeidet, men det manglar ein overordna vurdering av likestillingsperspektivet. På bakgrunn av at kvinner oftare trengjer tolk i møte med offentleg sektor, og er meir utsatt for mange typar risiko, som t.d. vold, feilbehandling og diskriminering burde dette vore vurdert.

Vi noterer oss at utvalet meiner at behovet for tolking ikkje er like aktuelt for alle de fem nasjonale minoritetane i Norge, men at det er foreslått ein autorisasjonsordning for tolkar i samiske språk og fortsatt terminologiutvikling i samisk og nasjonale minoritetsspråk. Det derfor er avgjerande at desse tiltaka vert gjennomført som foreslått i opptrappingsplanen.

Opptrappingsplan 2015-2018

Opptrappingsplanen er ein føresetnad for at tolkelova skal få effekt, men det er avgjerande at opptrappingsplanen og andre tiltak blir følgt opp med tilstrekkeleg med midlar.

Tolkelov (Tiltak 17)

Fagforbundet støttar tolkeutvalets forslag om ein enkel og tydeleg tolkelov. Fordi språkferdigheiter utviklar seg er ikkje tolking eit statisk behov, og det synes derfor fornuftig at tenesteytar vurderer behovet i det enkelte tilfellet.

Det er openbart at offentleg sektor ikkje har vore i stand til å tilby/ bruke tolketenester når nødvendig, trass i at dette allereie er ei plikt og eit ansvar som det offentlege er pålagt gjennom likestillingslova. Når dette no blir heimla i eiga lov som ein plikt hos det offentlege er det avgjerande at dei som har behov for tolk er informerte om rettar og klage tilhøve.

Det er paradoksalt at NOUen skildrar eit område der offentleg sektor openbart ikkje oppfyller sine plikter, samtidig som at Likestillings- og diskrimineringsombodet så å seie ikkje mottek klager på slike tenester. At ikkje minoritetsspråklege nyttar klageretten, kan i seg sjølv peike på språklege hinder og for dårleg informasjon. Det er også viktig at dei tilsette er godt nok rettleia til at dei kjenner tryggleik om når det er behov for tolk og når det ikkje er behov.

Eigenregi

Utredninga viser at dagens organisering av tolketenestene er lite eigna til å sikre tilgang og kvalitet på desse tenestene. Rapporten "Akkurat slik vi gjør det med andre spesialister"¹ peikar på at organiseringa bør ivareta økonomiske omsyn, geografiske variasjonar, endringar i behov for ulike språkgrupper, døgnkontinuerlig tilgang osv. Fagforbundet deler denne oppfatninga, og meiner at berre ei organisasjonsform som vektlegg stabilitet og det offentlege sitt ansvar som tenesteytar, vil kunne sørge for ein langsiktig kompetanseutvikling av tolkane, gi kontinuerleg moglegheit for kvalitetskontroll, rettleiing og kollegial støtte.

Tolkeutvalet skildrar også vesentlege utfordringar med useriøsitet blant private tilbydarar av tolketenester og utfordringane med kvalitetssikring av tolketenesta i anbudsprosessar. Dette talar for større grad av eigenregi og tydelegare krav til bransjen.

Eigenregi medfører samstundes samfunnsøkonomisk vinning ved den beste utnyttinga av ressursane, og vi meiner at dette er den beste løysinga for tolketenestene i offentleg sektor.

Lønsregulativ (tiltak 12.10)

Fagforbundet er særleg opptatt av korleis ein styrking av tolkane sine arbeidsforhold og rettar er nødvendig for å betre kvaliteten på dagens tolketenester. Eit felles offentlig lønsregulativ vil vere eit godt tiltak for å sikre mindre forskjellar frå sektor til sektor og også gi frilanstolkar betre lønns- og arbeidsvilkår.

¹ Oslo kommune / Helse Sør-Øst: "Akkurat slik vi gjør det med andre spesialister", <http://www.oslo-universitetssykehus.no/aktuelt/prosjekter/Documents/Akkurat%20som%20vi%20gj%C3%B8r%20med%20andre%20spesialister.pdf>, 2012

Det er også viktig å slå fast at kompetanse og kvalitet skal vege tyngre enn låg pris ved tildeling av oppdrag, og avgjerande at formidlarane berre konkurrerer om ein formidlingsavgift dersom det offentlege vel å nytte private ved tildeling av oppdrag. Budrunder må ikkje gå på kostnad av tolkane sine satsar, men av formidlarens fortjeneste, som i den svenske modellen tolkeutvalet refererer til.

Trygge arbeidsvilkår, gode lønnsvilkår, feriepengar, pensjon, forsikring og anstendige kontraktar vil bidra til å sikre at de best kvalifiserte blir i yrket. Innføring av eit lønnsregulativ vil vere eit forhandlingsspørsmål der vi ventar at partane blir invitert. Fagforbundet meiner at eit slikt lønsregulativ også bør omfatte teiknspråktolkane.

Eit felles offentlig lønnsregulativ vil også vere med å løyse dagens utfordring med at kommunar og helsevesen blir utkonkurrerte på lønn av sektorar med høgare satsar for tolketenester, som rettsvesenet og dels IMDi. Eit lønssystem som gir utteljing for kvalifikasjonar vil også medverke til at fleire ønskjer å heve og/ dokumentere kvalifikasjonar.

Vi vil avslutte vårt innspel med å be om at regjeringa må ta på alvor den situasjonen som er skildra i ein grundig og god NOU. Ei sårbar gruppe i samfunnet blir bokstavleg talt ikkje hørt. Dei får ikkje nødvendig bistand til å ta i mot tenester og hjelpa dei har rett på. Dermed er ikkje rettstryggleiken ivareteken og dei blir ikkje likebehandla. Her har ikkje offentlig sektor teke ansvaret sitt. Med dei alvorlege konsekvensane som følgjer av å kjøpe tenester utan å vite kva ein kjøper eller kva som blir levert, er det klart at ikkje dette kan få fortsette. Fagforbundet ser særst positivt på at dette ligg klart i premissane for utredninga og set vår lit til at det no satsast for fullt på å gjennomføre tiltaka i utredninga, med nødvendige ressursar.

Med hilsen
FAGFORBUNDET
Utredningsenheten

Jan-Tore Strandås
(sign)
fagleder

Ingrid Buset
(sign)
rådgiver

Dette brevet er godkjent elektronisk i Fagforbundet og har derfor ingen signatur.